

Nr.3 -juni 2022

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Bli med på Sleirsfjellet opp laurdag 4. juni -22



Gudstenester

5. juni 1. pinsedag Frøyset kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste v/Tone Marit Ø. Dyrkolbotn
Takkoffer til SOS barnebyer

6. juni 2. pinsedag

Stemmevatnet på Solheim kl. 11:00

Friluftsgudsteneste v/vikar
Takkoffer til NMS - Det Norske Misjonsselskap

12. juni Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle
Dei som var 50-årskonfirmantar i 2020 og 2021
er særskild invitert til denne gudstenesta.
Takkoffer til NMS - Det Norske Misjonsselskap

19. juni Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle
Takkoffer til NMS - Det Norske Misjonsselskap

3. juli Reknesskjerjane kl. 11:00

Friluftsgudsteneste v/Helge Taranrød
Takkoffer til Frelsesarmeen

Sandnes kyrkje kl. 13:30

Dåpsgudsteneste v/Helge Taranrød
Takkoffer til Frelsesarmeen

17. juli Solheim kyrkje kl. 16:00

Gudsteneste v/Kåre Berge
Takkoffer til NLA Høgskolen

29. juli Olsok Fjon Fjellkyrkje kl. 19:00

Fellesgudsteneste Nordhordland prosti
v/ Tone Marit Ø. Dyrkolbotn
Olsokstemne med rømmegraut og olsokbål.

13. august Sandnes kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Helga Ekehaug
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

21. august Stordalen fjellstove kl. 15:15

Friluftsgudsteneste i samband med
Bjørn West-marsjen
v/Torbjørn Sæle
Takkoffer til KRIK

28. august

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Solheim kyrkje kl. 13:15
Sandnes kyrkje kl. 16:00
Konfirmantpresentasjonar
+ utdeling av bibelbok til 10-åringane
Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet

11. september Solheim kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

18. september Frøyset kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

25. september Sandnes kyrkje kl. 11:00

Temagudsteneste v/Torbjørn Sæle
Årets 50 års-konfirmantar er særskild invitert.
Takkoffer til NLA Høgskolen

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn
du alltid i kalenderen på nettsida vår:

www.masfjorden.kyrkja.no

Døyppte

10.04.22 i Granneheimen

Solve Baarøy-Kvinge

Foreldre: Gro Serine Baarøy og Kristian
Skjelanger Kvinge

15.04.22 i Frøyset kyrkje

Ellinor Nesbø Birkeland

Foreldre: Linn Nesbø og
Jostein Johnsen Birkeland

18.04.22 Sandnes kyrkje

Ludvig Haugsdal

Foreldre: Kristin Andvik Haugsdal og Vebjørn
Haugsdal

01.05.22 i Frøyset Kyrkje

Thor Magnus Fawcett Fagerheim

Foreldre: Ann Jessica Fawcett og
Joakim Hindenes

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått
del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for
dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds
ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og
veksa i den kristne trua.*

Avlidne

29.03.2022 Ella Andresia Bjørneklett f. 1930

22.05.2022 Kjell Arnold Ødegård f. 1938

25.05.2022 Lars Henrik Birkeland f. 1930

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på
meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur
på meg, skal i all æva ikkje døy.*

Sommarkyrkja i Nordhordland prosti 2022

Austrheim

**12.06 Sjøveis kyrkjereis
Fedje kl. 12:00**

31.07 Austrheim kl. 1:00
14.08 Fønnesdag kl. 16:00
28.08 Austrheim kl. 10:00
Lys vaken og
konf.presentasjon

Fedje

**12.06 Sjøveis kyrkjereis
Fedje kl. 12:00**

07.08 Fedje kl. 11:00

Opa kyrkje i Austrheim og
Fedje Sjå heimesidene og face-
book.

Gulen

26.06 Gulen kl. 17:00
03.07 Mjømna kl. 11:00
03.07 Brekke kl. 16:00
17.07 Gulen kl. 11:00
14.08 Gulen kl. 11:00
21.08 Mjømna kl. 11:00
28.08 Brekke kl. 11:00

Knarvik

12.06 Bøkeskogen, Seim
kl. 11:00 Friluftsgudst.
19.06 Knarvik kl. 11:00
26.06 Alversund kl. 19:30
03.07 Knarvik kl. 11:00
10.07 Seim kl. 11:00
17.07 Knarvik kl. 19:30
24.07 Knarvik kl. 11:00
31.07 Alversund kl. 19:30
07.08 Knarvik kl. 11:00
14.08 Seim kl. 11:00
21.08 Knarvik kl. 11:00
Innsetjingsgudsteneste
ny sokneprest
28.08 Alversund kl. 11:00
28.08 Knarvik kl. 18:00
Solidaritetsgudsteneste
Gjest: Lise Klaveness

Lindås

19.06 Hundvin kl. 11:00
26.06 Hundvin kl. 11:00
03.07 Myking kl. 11:00
07.08 Lindås kl. 11:00
10.08 Myking kl. 19:00
21.08 Hundvin kl. 19:00

Meland

12.06 Meland kl. 11:00
19.06 Meland kl. 11:00
Samtalegudsteneste
26.06 Meland kl. 19:30
03.07 Meland kl. 19:30
10.07 Meland kl. 11:00
17.07 Meland kl. 11:00
24.07 Meland kl. 19:30
31.07 Meland kl. 11:00
07.08 Meland kl. 11:00
14.08 Meland kl. 11:00
21.08 Meland kl. 11:00
Løvegudst. / Ranselbøn
28.08 Holmeknappen
kl. 11:00
Kystsogevkene

Masfjorden

12.06 Sandnes kl. 11:00
19.06 Frøyset kl. 11:00
03.07 Reknesskjerjane
kl. 11:00 Friluftsg.
17.07 Solheim kl. 16:00
**29.07 Fjor Fjellkyrkje
kl. 19 Olsokgudst.**
13.08 Sandnes kl. 11:00
Konfirmasjons-
gudsteneste (laurdag)
**21.08 Stordalen
fjellstove kl. 15:15**
Friluftsgudsteneste,
Bjørn West-marsjen
28.08 Frøyset kl. 11:00
Konfirmantpresentasjon
28.08 Solheim kl. 13:15
Konfirmantpresentasjon
28.08 Sandnes kl. 16:00
Konfirmantpresentasjon

Mo

19.06 Mo kl. 11:00
31.07 Mo kl. 11:00
28.08 Mo kl. 11:00

Osterfjorden

12.06 Ostereidet kl. 11:00
26.06 Ostereidet kl. 11:00
17.07 Ostereidet kl. 14:00
07.08 Ostereidet kl. 11:00
14.08 Hjelmås kl. 11:00
21.08 Ostereidet kl. 11:00

Radøy

12.06 Tjorehagen Friluftsg.
19.06 Manger kl. 11:00
26.06 Hordabø kl. 11:00
03.07 Emigrantkyrkja kl. 11
17.07 Manger kl. 11:00
31.07 Manger kl. 11:00
07.08 Sæbø kl. 11:00
14.08 Manger kl. 11:00
21.08 Hordabø kl. 11:00
28.08 Manger kl. 11:00

Solund

19.06 Hersvik kl. 11:00
26.06 Solund kl. 11:00
**10.07 Kirkjeneset, Losna
kl. 14:00**
Friluftsgudsteneste
**24.07 Indrevær bedehus
kl. 13:00**
Familiegudsteneste
14.08 Solund kl. 11:00
14.08 Hersvik kl. 16:45
21.08 Husøy kl. 12:00
28.08 Solund kl. 16:00



Kultur og konsertar

04.-05.06 Gulen

Teaterforestillingane Jeanne d'Arc og Babettes Gjestebud på
tingstaden og i Gulen kyrkje. www.gulatinget.no.

09.06 Knarvik kl. 19:30

«Gjennom sorga går ein song.» Flygel/song: Ove Danielsen.

11.06 Manger kl. 18:00 B Ø N F O R F R E D

ved Lydia Hoen Tjore, sopran Rune Alver, piano. Ein kveld
med franske, norske, russiske og ukrainske melodiar.

12.06 Knarvik kl. 19:00

Konsert med Handbell Choirs of University Baptist Church,
Minneapolis, Minnesota USA.

19.06 Lygra kyrkje kl. 19:00

Konsert med eit sommarleg og nasjonalromantisk preg. Kjer-
sti Møllerup Wiik, sopran; Astrid Skodvin, sopran; Johanne
Mjøs, hardingfele/fiolin og Frode Skag Storheim, klaver/
miniforedrag om målarar Hans Dahl.

26.08 Knarvik kyrkje kl. 19:00 Maj Britt Andersen m/
orkester. Arr.: Musikkens Venner/Knarvikmila.

Olsok

29.07 Fjor Fjellkyrkje

Olsokstemne med rømmegreaut og olsokbål. Gudsteneste ved
Tone Marit Ø. Dyrkolbotn. Vertskap: Knarvik sokn

Solidaritetsgudsteneste

28.08 Knarvik kyrkje kl. 18:00 I samarbeid med Knarvikmila
Gjest: NFF President Lise Klaveness.



DEN NORSKE KYRKJA

KYSTPILEGRIMSLEIA


Meir himmel på fjord

På kystkultur.no finn du informasjon om
kystpilegrimsleia: Sjøveis kyrkjereis,
friluftsgudstenester, vandringar, strand-
rydding og andre arrangement i samspel
med lokale kulturaktørar.

BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**





– Klarar du å
teikne ein rett strek
med ein linjal?
– Sjølvsagt!
– Godt gjort! Eg
klarar det ikkje
utan blyant.

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er
nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vitsar

Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit
speil.
– Å nei, eg har blitt
eit speilegg!

– Pass deg
for trappa!
– Kva for ei
trapp-app-app-
app ...

KVA ER EIGENTLEG PINSE?

Spørsmålet i overskrifta dukkar opp kvart år på denne tida. Og for kvart år som går, kan det verka som det er nokre færre som har eit godt svar å koma med på spørsmål om denne høgtida som kjem ti dagar etter Kristi Himmelfartsdag.

Kva hadde du sagt om ei avis eller ein tv-kanal kom med ein mikrofon og ba deg forklara kva pinse er?



Mange av oss hadde nok nølt litt og stoppa for å leita etter orda og formuleringane. Det er litt lettare med jula, med det vesle barnet i krybba, då Gud vart menneske og kom til vår jord. Slik kan vi – litt forenkla – seia at jula, den første store høgtida i kyrkjeåret, handlar om den første delen av truvedkjenninga om «*Gud Fader, den allmektige som skapte himmelen og jorda*». Om Gud som vart menneske.

Innhaldet i påskedagane har også mange ganske god oversikt over. Det handlar om Jesus, om parademarsjen inn i Jerusalem, om det siste måltid med læresveinane og om hans død på krossen, gravlegginga og oppstoda. Slik kan vi seia at påsken, den andre viktige kristne høgtida, handlar om Jesus Kristus som «*vart krossfest, døydde og vart gravlagt, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen*»

Men så var det pinsen då. Kvifor feirar vi pinse?

- Er ikkje det kyrkja sin bursdag?
- Var det ikkje noko med eld på hovudet? Og mange som snakka ulike språk?
- Og mange vart vel døypte den dagen?
- Dua er vel eit symbol for pinsa?
- Handlar det ikkje om Den heilage ande?

Jo, det ligg i løypa at denne tredje store kristne høgtida handlar om den tredje trusartikkelen, om Den heilage ande og «*ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage*».

Medan Jesus var på jorda som menneske gjorde han mykje godt mot mange, men med

avgrensinga til berre å vera ein stad samstundes. Før han fór opp til himmelen kom han med oppdraget om å fortelja alle menneske om han, gjera folkeslaga til læresveinar, og samstundes gav han løftet om å vera med alle dagar.

Pinsedagen gjer dette mogleg.

For pinse er feiringa av at Den heilage ande vart gjort tilgjengeleg for alle.

Pinse er feiringa av fellesskapet av alle truande, som Gud knyter saman på sine underfulle måtar. Pinse er feiringa av starten på ei ny tid for Guds kyrkje på jorda, etter at Jesus fór opp til himmelen.

Pinse er feiringa av ein nærværande Gud, som ved sin ande kan vera kvar og ein nær akkurat der vi er. Alle dagar og til alle tider.

Meir om kva som skjedde på pinsedagen, kan du lesa om Apostelgjerningane kapittel 2 og høyra om på pinsegudstenester i Frøyset kyrkje 1. pinsedag og ved Stemmevatnet på Solheim 2. pinsedag!

God pinse!

Torbjørn Sæle, sokneprest

Biletet er frå preikestolkledet i Sandnes kyrkje
Foto Torbjørn Sæle

EIN VAKKER OG SYMBOLTUNG DEKORASJON

Dette handlar om ein fin detalj ved langfredagsgudstenesta i Frøyset kyrkje.

Mykje av innbuet og dekoren i ei kyrkje har fleire funksjonar. Til dømes er bilete som heng i ei kyrkje, ofte ein illustrasjon av eit bibelsitat eller ei bibelforteljing.

Men mangel på dekor kan også illustrere noko. På Langfredag er det ikkje uvanleg å unnlate å tenne alterlys, og dessutan tonar ein ofte ned bruken av blomar på alteret. Mange stader er det skikk å leggje ein svart duk over det elles så fargerike og dekorative alterkledet.

Biletet syner korleis alteret i Frøyset kyrkje såg ut på gudstenesta Langfredag. Alteret var dekkja av ein svart duk, og der det til vanleg ville vore plassert ein vase med blomar, var det no sett fram ei fletta tornekrone, pryda med fem raude roser.

Dei fem raude rosene symboliserer dei fem såra Jesus fekk ved krossfestinga. På den måten vart den rosepryda tornekransen ei kraftfull påminning om



det som er kjernen i langfredagsdelen av påskehistoria: Jesu liding og død.

Det er Kolbjørn Reknes som har laga denne kransen. Det fortener han stor takk for.

Tekst: Rune Garmann

Foto: Torbjørn Sæle

PÅSKETREFF

I veka før påske var det samlingar i Sandneskyrkja og Haugsvær bedehus for born i alle dei tre kyrkjekrinsane. Temaet var å vera til teneste for andre, slik som Jesus var tenar for sine disiplar då han vaska føtene deira før festmåltidet i påska. Fleire fekk gleda av å vaska og endå fleire fekk gleda av nyvaska føter.

No skal me ikkje nødvendigvis gå rundt og vaska føtene til kvarandre, men me kan vera vakne for kva hierarki me er ein del av og korleis me legg opp til at nokon folk er inkludert og andre ikkje. Nokre inkluderer me, men andre overser me. Nokre gonger har me ikkje tid, og nokre gonger er me redde for svaret dersom me inviterer nokon. Nokre gonger veit me på førehand at det vert takka nei til invitasjonen. Hugs at det likevel kan gjerast godt å verta invitert, ja, berre vita at me er tenkt på og velkomne.

Det å kjenna seg velkomen og høyra til i ein familie, klasse, klubb, bygd, venegjeng er viktig for alle. Det er truleg førebyggjande mot både hærverk, vald og drap. Eg har sjølv vorte invitert av fleire til å vera med på trening onsdagane på Sandnes. Eg har framleis ikkje vore med ein einaste gong, men kvar gong eg ser dei spring kjenner eg at eg høyrer til i denne gruppa, denne bygda. Det gjer godt!

Tekst: Helga Ekehaug

Foto: Ken Henrik Kvingedal



PÅSKEGLIMT

I år kunne vi endeleg igjen samlast for å feira påske i kyrkjene våre, og i Masfjorden var det mange gudstenester. Frå fullt hus i Granneheimen på palmesøndag til avslutning med kyrkjekaffi utafor Sandnes kyrkja 2. påskedag. Tre barn vart døypte i løpet av dei seks påsegudstenestene i Masfjorden.

I tillegg til gudstenester på alle kyrkjestadane våre og på sjukeheimen vart det invitert til påskekonserten «Peters påske». Muskarane Ove I. B. Danielsen, Vibeke Bjørndal Midttun og Stine Karin Sæle tok saman med Torbjørn Sæle forsamlinga i Sandnes kyrkje med gjennom påskedramaet i tekst og tonar, sett frå disippelen Peter sitt perspektiv.

Her er nokre glimt frå påsken 2022.

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



Skjærtorsdag var det gudsteneste på Fjon fjellkyrkje



Forsongarar løfta påskesongen i Solheim kyrkje 1. påskedag



2. påskedag var det kyrkjekaffi utanfor Sandnes kyrkje



Påskekonserten Peters påske i Sandnes kyrkje onsdag i påskeveka.

KONFIRMANTLEIR PÅ FJON FJELLKYRKJE

Då me kom på leiren gjorde eg, Ken Henrik, Tiril og Johannes klar bord slik at det var plass til alle skulle ete middag. Då alle var komne til kyrkja samla Helga og Torbjørn oss og gav oss informasjon om denne leiren. Etter det var det middagstid. Det var lapskaus og skjeve på menyen. På kvelden kunne du få litt kveldsmat viss du var svolten. Så fekk me spele fotball og ping-pong mellom maten og kveldens samlingar.


Neste dag var masse samlingar og litt pause mellom samlingane. Me åt frukost klokka 09:00 og graut klokka 12:00. Etter lunsj hadde me ein samling til før me hadde ein lang pause med felles leik og telefontid og middag heilt på slutten av den lange pausen. Etter middag hadde me meir samling og synging. Heilt på slutten hadde me bønnevandring og måtte gå på romma etter det.

På søndagen var det mykje som skjedde. Me skulle ete frukost, og ha samling etterpå. Me åt tomatsuppe til lunsj. Etter det var det planlegging av gudsteneste, og rydding av kyrkja til gudstenesta. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi og vasking for dei som skulle det, så reiste me heim att.

Ådne Holmaas, konfirmant

Tiril Sleire-Gjerde fortel: "Eg har hatt ei veldig fin helg saman med dei andre konfirmantane. Eg har hatt det gøy med venner og fått nye venner frå dei andre skulane. Eg vart godt kjent med to som eg spelte mykje ping-pong med. Eg hugsar spesielt godt at me koste oss saman med alle i konkurransar og andre aktivitetar. Eg har hatt det veldig gøy saman med dei andre konfirmantane og kjem til å sakna desse samlingane me har hatt.»

Foto: Torbjørn Sæle, sokneprest



UNGDOMSLEIR I STORDALEN

SISTE HELGA I APRIL



Denne ungdomsleiren var ekstra kjekk, fordi me var med og planlagde den sjølve. Me var med på å bestemme meny, kva aktivitetar me skulle gjere, og programmet for dagane. Me har gått på fjelltur, laga «snjohole», leika



leikar og laga mykje god mat. Men det beste må ha vore å spele mykje brettspel utover kvelden.

Det er utruleg kjekt å reisa på ein slik ungdomsleir, og eg håpar alle som likar slikt vert med på den neste leiren. Då skal me planleggja kvar og når det skal skje, laga budsjett og meny. Så skal me finna leiarar og aktivitetar til leiren.

Tekst: Andreas Nordland

Foto: Helga Ekehaug



DÅPSSKULE

Om samlingane i vår

Dåpsskulen vert vanlegvis arrangert for 5-åringane, etter at dei som 4-åringar har fått utdelt «Kyrkjeboka mi». I år derimot, har dåpsskulen grunna etterslep frå koronatida vore for både 5-, 6- og 7-åringar i alle krinsane. Me har hatt fleire samlingar, der me har høyrte ulike forteljingar og gjort aktivitetar saman.

Forteljingane me har hatt, er om då Gud skapte verda og menneska, om Sakkeus som klatra opp i eit tre for å sjå Jesus, og om den gode gjetaren som leitte og leitte er den siste sauene og vart så glad då han endeleg vart funnen. Me har òg bedd bønner, leita etter kors og sunge songar.

Av formingsaktivitetar har me arbeidd med kitt, maling og tusj på tøyestykke, der borna har fått høve til å gje uttrykk for det dei har opplevd gjennom forteljingane. Teikningane på tøyestykke skal etter planen få påsydd kant og verte fine dåpsskuletepper, som kan hengje i kyrkja fram til borna kjem i konfirmantaldre.

Unge engasjerte leiarar

Ekstra stas har det vore å hatt med unge leiarar på dåpsskulen. Andreas Nordland, Karina Totland Rong og Sandra Strand Andvik var nokre gonger med som leiarar på dåpsskulen i Sandneskyrkja. Dei kom rett etter skulen for å handla, laga mat, og førebere mellom anna dramatisering til dåpsskulen. Dei leia songar og bønner, gøymte kors og ønskte borna velkomne til dåpsskulen. Nokre av foreldra var med på samlinga eller sat i kyrkjerommet og trødde støttande til når det var behov for det. På spørsmål om korleis det var å vera leiar, kom desse kommentarane:

Sandra: «Å laga mat var stas, men eigentleg alt var kjekt.

Karina: «Tipp toppp tommel opp! Var kjekt å laga mat og hjelpa å laga ting til. Ungane var flinke til å lye oss.»

Lukas Venslauskas Trædal synes det var greitt å vera leiar, men likevel ikkje heilt enkelt. Vanskeleg å få dei til å høyra etter. God mat! Leah Heimdal var òg med som leiar.



Foto: Sygni Molland

Tusen takk for samarbeidet. De har gjort ein god jobb med å gjennomføra dåpsskulen og eg håpar å sjå både dykk og fleire andre med som leiarar på seinare samlingar for born og unge i kyrkja vår!

Erfaringar frå deltakarar og foreldre:

Håkon Strand Andvik om å vere deltakar på dåpsskulen: «Det var kjekt å leita etter kors, og å forma med modelerkitt! Eg lærte meg òg ein ny song: «Kven har skapt.»»

Sissel Trædal, mor til Samuel, fortel at Samuel synest det var kjekt å leita etter kors. Han lærte om Sakkeus, Gud og Jesus. Han hugsa godt at dei ringde med klokkene og sa «Velkomen!» og namnet vårt då dei kom og «Guds fred!» og namnet vårt då dei gjekk heim.



Foto: Lillian Andvik

Ein annan unge hadde hatt det så kjekt på dåpsskulen at det vart masing heime om kortid dei skulle i Frøysetkyrkja neste gong!

Arild Haugsvær, far til Henrik, fortel at Henrik kvidde seg litt før første samling, men gleda seg veldig til dei neste to. Det var stor stas å få invitasjon til utdeling av fireårsboka i brevform! For min del var det avslappande og behagelige to timer å vera på dåpsskulen, seier Arild.

Tekst: Helga Ekehaug



Foto: Sygni Molland

FRILUFTSGUDSTENESTE VED DAGSTURHYTTA PÅ GRØTTNESET



Vêret glimta til med både gløtt av sol og litt varme innimellom all vinden då det på Kristi Himmelfartsdag vart laga til friluftsgudsteneste ved dagsturhytta. Både liten og stor fekk utforske naturen og det dei såg rundt seg med turbingoen på vegen utover. Sju spreke folk bar med seg blåseinstrument og la ei flott ramme for gudstenesta med sine velklingande tonar. Fleire born og unge var aktivt deltakande i gudstenesta, både som tekstlesarar og som Jesus som reiste til himmels (eller i alle fall mange meter opp i eit tre).

Etter gudstenesta fekk me servert god kyrkjekaffi med saft, lefser og vaflar inne i den ljose og varme dagsturhytta. Ute var både unge og vaksne i full sving



med både kubbespel og andre aktivitetar, før ein etter kvart tok til på turen heim att.

Linda Hansson fortel at det var kjekt å vera med, og at det var fint tilrettelagt for born og aktivitetar for liten og stor.

Tekst: Helga Ekehaug, trusopplærar
Foto: Roald Kvingedal

PÅSKESONG-FEST

Ein fin gjeng hadde tatt turen til Frøyset kyrkje tysdag den 26.april for å delta på påskesongfest. Organisten vår Anne Merethe Reknes gleda oss med musikk frå orgelet, og var tonefylgje når me fekk syngja ein del av dei flotte påskesongane som «Han er oppstanden, Halleluja» og sjølvstøtt «Deg være ære» for å nemne nokre.

I år markerer me «Frivilligåret 2022» i Norge, og dette gav utgangspunktet for samtalen denne kvelden. Prost Helge Taranrød var med oss og hadde eit innlegg om temaet «Den nye frivilligheita i kyrkja». Spørsmål som, kva kan det gje oss personleg å vere frivillig? Korleis få folk til å bli med som frivillige medarbeidarar? Og korleis jobba systematisk med frivilligheit, var noko av det som vart belyst.

Etter hans flotte innlegg var det tid for mat og prat. Kyrkjeutvalet på Frøyset hadde laga god blomkålsuppe med tilbehør til oss. Under måltidet vart det tid til å samtale om temaet Helge hadde introdusert oss for. Og det vart ei fin stund der fleire delte positive erfaringar om det å vere frivillig. Det kom fram at det kan vere kjekkare å gjere frivillige oppgåver som t.d. kyrkjevertoppgåvene saman med nokon, sjølv om ein kan klare det aleine. At det er lettare å få folk med om det er ein ven eller nabo som spør. Påminning om at dei som er valt inn i råd og utval i kyrkja kan spørje heilt andre folk om å hjelpe til enn dei ein sit saman med i rådet. Og at det å jobbe frivillig kan være til stor glede for



både den som yter den frivillige innsatsen og dei som nyter godt av det som blir gjort. Kyrkja i Masfjorden har bruk for frivillige medarbeidarar i arbeidet, og me håpar at fleire kan få vere med å kjenne på gleda av å være med i arbeidet i kyrkjelyden vår. Det er utarbeida eit skjema ein kan fylle ut om ein ynskjer å delta. Dette finn ein i kyrkjene ved gudstenestene eller på nettsida vår, www.masfjorden.kyrkja.no. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du har lyst å delta som frivillig i kyrkja sitt arbeid.

Kvelden vart runda av med meir musikk, song og ord for kvelden frå soknepresten vår Torbjørn Sæle.

Takk til tilsette, frivillige og deltakarane som gjorde dette til ein fin og inspirerende kveld for oss alle.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevjerje
Foto: Alimaa Tomor



VÅRKONFIRMASJONAR

Masfjorden sokn har i møte 18. mai 2022 vedteke å gå tilbake til vårkonfirmasjon frå og med konfirmantåret 2022-2023. Dette som eit resultat av ei samla vurdering og etter ei spørjeundersøking denne våren. Konfirmasjonsgudstenestene vil som utgangspunktet vera dei siste tre helgene føre 17. mai og rekkefølgja vil som tidlegare rullera mellom kyrkjene. Heilagdagane og andre særskilde omsyn kan føra til mindre endringar, men dette ser ikkje ut til å påverka dei komande åra.

Konfirmasjonane vil verta følgjande helger:

Frøyset	30. april 2023
Sandnes	7. mai 2023
Solheim	13. mai 2023 (laurdag)

Sandnes	28. april 2024
Solheim	5. mai 2024
Frøyset	12. mai 2024

Solheim	27. april 2025
Frøyset	4. mai 2025
Sandnes	11. mai 2025



Brev vert i løpet av juni sendt ut til ungdomar fødde i 2008 som er døypte og medlem i kyrkja, samt andre som har takka ja til å ta imot slik informasjon. Det vert så eit infomøte om komande konfirmantår i slutten av august, før resentsjonsgudstenestene i dei tre kyrkjene 28. august.

Påmelding til komande konfirmantår vil koma på nettsida www.masfjorden.kyrkja.no

Velkomen!

Tekst: Torbjørn Sæle

MARKERING AV 50-ÅRSKONFIRMANTAR

Det er tradisjon i Masfjorden for å invitere 50-årskonfirmantane til ei gudsteneste på Sandnes med samling og middag etterpå. Pga korona fekk me ikkje gjort dette i 2020 og 2021. Dette vil me no få retta på, og har difor sendt ut invitasjon til alle som vart konfirmert i kyrkjene i Masfjorden våren 1970 og 1971. Samlinga blir søndag den 12. juni, og startar med gudsteneste i Sandnes kyrkje kl. 11. Etterpå blir det middag, kaffi, kake og tid for å mimre på Sandneskaféen for dei som ynskjer dette. Det er høve til å ta med seg partnaren sin.

For dei som vart konfirmert i 1972 og er 50-årskonfirmantar i år, vil det bli markering og samling til hausten, den 25. september. Det vil gå ut invitasjon til desse seinare. Men set gjerne av datoen i kalenderen din no om du er ein av desse.

Påmelding til 12. juni, kan du gjere på kyrkja si nettside: www.masfjorden.kyrkja.no eller ved å kontakte Eli på kyrjekontoret på tlf. 56 16 62 61.

Tekst: Eli Eidsnes

TEMAGUDSTENESTE I SOLHEIM KYRKJE 8.MAI OM FRED OG SOLIDARITET

I soknerådet har ein gjort eit vedtak om at ein ynskjer å halde ei temagudsteneste i kvar av kyrkjene i løpet av året.

I år fall 8. mai på ein søndag, og det var då naturleg å knyte frigjeringsdagen vår til ei temagudsteneste om fred og solidaritet. Indrefjorden med si krigshistorie om både Bjørn West og fangeleiren på Matre, kom fort opp. Og valet fall difor på Solheim kyrkje for denne gudstenesta. Prost Helge Taranrød var prest denne dagen, og hadde sett saman ei flott fredsgudsteneste. Preika var ein samtale mellom han og soknerådsformann Rune Garmann om fred og solidaritet. Og med historia me minnest 8.mai og krigen me no er vitne til i Ukraina, var dette eit svært aktuelt tema.



Rett etter gudstenesta fortalde styrar ved Bjørn West-muséet, Arnold Matre, litt om «russarleiren» på Matre, og om lagnaden til fangane som vart haldne der. Han las òg opp historier som folk på Matre har fortald, om minner dei har frå denne tida og opplevingar dei



hadde i møte med både tyskarane og dei russiske fangane.

Deretter vart det ein liten seremoni med blompeålegging på grava til Torgeir Stordal og dei fire fangane som vart gravlagde på Solheim kyrkjegard. Desse gravene legg ein òg ned blomar på kvar 17-mai, men det var fleire som syntest det var fint å høyre meir om personane og lagnaden deira enn det me vanlegvis gjer. Det gjorde sterkt inntrykk på fleire når namna til fangane og den unge alderen til fleire av fangane vart lese opp. «Dei var jo ikkje eldre enn ungdomane våre er no» var det ei som sa med blanke augo.

Me avslutta den flotte dagen med kyrkjekaffi ute i sola, og tid til prat om historiene me lærte meir om denne dagen. Og me gjekk nok alle heim med ei kjensle av at me hadde fått vore med på noko viktig. Takk til Rune som har vore sterkt involvert i planlegginga av denne gudstenesta.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjevevje

Ord ved Torgeir Stordal si grav

Her kviler

- **Torgeir Stordal**,
som 6. mai 1945 vart avretta av tyske
militære ved heimen sin i Stordalen.

Då familien rømde Stordalen for å kome unna dei tyske styrkene, vart Torgeir att i Stordalen. Han hadde ikkje helse til å ta over fjella, og syntest vel at nokon måtte sjå til dyra. Han vart teken til fange, stilt for standrett og avretta.



Foto: Helge Taranrød

Du gjorde det gode

Du ga husrom og mat
til unge menn som kjempa for landet sitt.
Du lærte dei om vegane i fjellet
der dei kunne ta seg fram.
Du gjorde det gode.

Du visste kva lagnad
som venta dei som stod imot.
og som fienden fanga.
Og likevel -
du gjorde det gode.

Dei andre rømde
før fienden kom.
Men du vart att, og dyra dine
trong deg.
Du gjorde det gode.

Du vart teken,
stilt for standrett og skoten.
Du visste det kunne skje,
men valde å vere.
Du gjorde det gode.



Foto: Eli Eidsnes

Ord ved «russargrava»

Her kviler

- **Pjotr Sergie**,
som døydd i fangeleiren på Matre
den 6. oktober 1942, knapt 23 år gamal,
- **Gregorij Tsinev**,
som døydd i fangeleiren på Matre
den 12. oktober 1942, 41 år gamal,
- **Pjotr Tsevnik**,
som døydd i fangeleiren på Matre
den 15. oktober 1942, vel 22 år gamal,
- **Andrei Klimenko**,
som døydd i fangeleiren på Matre
den 29. august 1944, knapt 22 år gamal.

Vi veit ikkje stort om desse fire. Vi veit ikkje ein gong om familiane deira kjenner til lagnaden dei fekk, at dei vart lagt til kvile ein stad mellom fjell og fjord i eit framandt land langt borte.

Ikkje åleine

Dei tok meg med
til eit land eg knapt nok kjende
og til ein stad eg ikkje visste om.
Men eg var ikkje åleine.

Dei tok meg med
og baud meg bruke krefter
i dagar med slit og tunge tak.
Men eg var ikkje åleine.

Dei tok meg med
og la meg i jorda her,
fjernt frå jorda folket mitt er runne av.
Men eg var ikkje åleine.

Du tek meg med
og minnest at eg er her
og hugsar: mange er som eg.
Då er eg ikkje åleine.

“MIN SALME”

«**Bortom tid og rom og tanke**» er ein av dei salmane eg høyrde for fyrste gong for nokre få år sidan. Både teksten og melodien treff meg så underleg, inderleg og vart. Eg kjenner meg heime i denne songen. Treng ikkje tenkja, berre lena meg inn i songen og vera til. Mang ein gong når eg høyrer salmar vert det for mykje fokus på enten livet etter døden eller det å prisa Herren. Livet etter døden får koma når det kjem. Det er her og no eg lever! Sjeldan er eg i modus for å prisa Herren. Ofte kjenner eg meg framand i tekst og tone. «Bortom tid og rom og tanke» gjev meg aksept for å vera akkurat der eg er, slik eg er, utan at eg må tenkja og forstå eller prestera, berre vera. Det gjev styrke å kjenna seg sårbar. Her er det rom for meg, min trøtte, redde tanke og peikar på at Kristus er i dette rommet, nær min draum, min lengt, min styrke.

Helga Ekehaug



1. *Bortom tid og rom og tanke
finst ein stad der alt er annleis,
finst ein stad der alt er heilagt,
finst ein stad der Kristus er.
Nær min trøyte, redde tanke,
nær min draum, min lengt, min styrke,
nær mitt liv og alt eg lever,
det er godt å vera der.*

2. *Gjennom ørsmå hol i dagen,
får eg venda mine tankar,
ta eit lite steg til sides,
søkja Herren, han som er.
Gjennom tause, mørke bøner,
gjennom lått og gjennom jubel,
leggja fram for Herren Kristus
alt det livet som eg ber.*

3. *Når eg pustar, når eg tenkjer,
når eg ler, og når eg sørgjer.
Finna ørsmå hol i dagen
som gjer Kristus sterk og nær.
Der eg lever midt i livet –
midt i verda, midt i dagen,
ber eg med meg Kristi kjærleik;
det er lys og salt eg er.*

4. *Jesus, ver i mine dager,
i alt liv som kjem mot meg.
Ver i mine glade timar,
mine skjelvande sekund.
La meg leva sterkt og nakent,
våga sjå og våga høyra,
våga leva midt i livet,
våga trå på heilag grunn.*

Tekst: Heidi Strand Harboe, 1999
Melodi: Carl Petter Opsahl, 1999

Foto: Mona Hope Daae

GUDSTENESTER I DET FRI




Friluftsgudsteneste, Reknesskjerjane Foto: Anne Merethe Reknes

I år som i fjor vert det fire friluftsgudstenester i Masfjorden. Den neste er allereie 2. pinsedag ved Stemmevatnet på Solheim.

Å feira gudsteneste ute i Guds vakre skaparverk gjev ei anna ramme enn inne i ei flott kyrkje. Kristi himmelfartsdag var det gudsteneste ved dagsturhytta Fjordblikk. Framover blir det ei friluftsgudsteneste i Masfjorden i kvar av sommarmånadene.

Måndag 6. juni, 2. pinsedag, er det friluftsgudsteneste ved Stemmevatnet på Solheim, ved gapahuken, om lag 2 km frå Solheim kyrkje og Solheim kai. Her er det mogleg køyra omtrent heilt fram for dei som treng det. Prest er Torbjørn Sæle og Anne Merethe Reknes leiar det musikalske. Takkoffer til NMS – Det Norske Misjonsselskap. Kyrkjekaffi.



Stemmevatnet Foto: Eli Eidsnes

3. juli kl. 11.00: Reknesskjerjane. Parkering nedom løa ved Masfjordvegen 146. Følg veg/sti og raude og kvite merker i ca. 20 minutt ned til fjorden. Prost Helge Taranrød leiar gudstenesta saman med kyrkjemusikar Anne Merethe Reknes. Takkoffer til Frelsesarmeen. Kyrkjekaffi.

Tradisjonen tru vert det også friluftsgudsteste i Stordalen i samband med Bjørn West-marsjen. **Gudstenesta 21. august** startar kl. 15.15 og inngår som ein del av programmet ved fjellstova etter marsjen. Takkoffer til KRIK – Kristen Idrettskontakt.

Tekst: Torbjørn Sæle

FRÅ STORBYEN KIEV TIL MASFJORDNES



-Første veka med krig sprang me i ly kvar gang flyalarmen gjekk. Etter kvart kopla hjernen ut redsla, og me prøvde å leve eit vanleg liv. Me ville ikkje gøyme oss, ville ikkje la krigen påverke kvardagen vår.

Okzana Barannik (33) er ukrainsk flyktning, no busett på Masfjordnes. For nokre månader sidan budde ho i Kiev, hadde jobb i resepsjonen på eit hotell og levde eit heilt vanleg liv i Ukraina.

-Krigen starta 24. februar klokka 05 på morgonen. Eg vakna av bomber, og tenkte med ein gong at eg ville vera med familien min, fortel Okzana. Ho tok tog til foreldra, og der vart ho verande i fleire veker.

-Det var ganske roleg i starten, men etter kvart begynte me å høyre bomber som stadig kom nærare.

Byen der foreldra bur hadde ikkje utstyr til å beskytta seg, men dei la miner rundt bygrensa for å hindre motstandarane å beleire byen.

Portforbod og bomber

-Det var ei vanskeleg tid. Me måtte halde oss i ro, for det var portforbod frå klokka 18-06. Om ein gjekk ut når det ikkje var lov, vart ein drepen. Me hadde det heilt mørkt om kvelden, for viss lyset

var på ville dei sjå kvar dei skulle bombe. Om dagen jobba ho og mora i hagen, og tok seg av dyra. Dei orka ikkje la krigen styre heile livet.

Okzana fortel at butikkane og fabrikkar var stengte, og offentleg transport stod stille. Dei måtte halda seg på eigedommen sin, for det var tryggast å ikkje vise seg. Okzana vakna om nettene med mareritt, sjølv på rolege netter. Det vart etter kvart krevjande å bu heime hos foreldra, og Okzana diskuterte med faren om ho skulle reise. Han ville at ho skulle halde seg i ro heime, men det enda med at ho reiste tilbake til Kiev. Vegen din var farleg, og ho måtte gjennom fleire små landsbyar der fienden hadde opphaldsstad. Turen gjekk heldigvis bra. Då ho kom til Kiev ringde mora og fortalte at russarane hadde inntatt byen deira. Ho var glad for at dottera hadde kome seg unna i tide.

Nytt land, nye moglegheiter

-I Kiev sa sjefen min at eg måtte sjå etter nytt arbeid. Det er dårlege utsikter for reiselivsbransjen. Då innsåg eg at det beste for meg var å reise frå landet.

-Det var trist å reise frå Ukraina, men livet gav ikkje meining der lenger. Eg hadde ikkje jobb, og

budde heime hos foreldra mine. Tidvis var det veldig farleg. Like etter at ho reiste frå landet kom det beskjed om at det hadde vore ni rakettnedslag i byen der foreldra hennar bur, og at fleire var drepne.

Okzana var innom Polen, før ho reiste vidare til Norge. Her hadde ho ei venninne som nyleg hadde fått foreldra sine over frå Ukraina.

-Ho fortalte meg at eg og burde kome til Norge. Ho sa det var eit land med moglegheiter i, der folka bryr seg og vil hjelpe. Eg har ikkje angra på det, seier Okzana.

Ho budde ei stund i Bergen før ho kom til Masfjorden. Sjølv om Okzana kjem frå store Kiev til vesle Masfjordnes så er ho nøgd med livet i dag.

-Eg var med i 17. mai-toget, og det var heilt fantastisk. Det er nett som at de er ein stor familie her. Slik får du ikkje i storbyen, seier ho tankefullt. Ho har mange tankar kring dette med å bu i eit lite samfunn. Blant anna er ho fasinert over at folk vinkar til henne frå bilar, om ho går langs vegen.

-Eg har aldri opplevd det i Kiev, at nokon har vinka til meg, ler ho. -Det er heilt spesielt. Det var og spesielt å verte inkludert i 17. mai-toget, og å kjenna på samhaldet som de har her.

Livet er her og no

Okzana greier seg godt. Ho snakkar godt engelsk, og er ei open dame som ynskjer kontakt. Det er ikkje like lett for alle.

-Eg arbeider innan reiselivsbransjen, og har reist ein del sjølv. Eg kan engelsk, og er nysgjerrig på verda. Mange ukrainske har levd på same garden

heile livet, har ikkje snakka med andre folk frå landsbyen og har aldri lært andre språk. Dei er gjerne fattige, og ingen moglegheit til å flykte frå krigen, slik eg kunne.

Ho reflekterer over at mange flykta når krigen starta, men allereie no er på veg tilbake.

-Det er for tidleg. Om det er rolegare no så kan det snu på ein augeblink. Eg meiner det er betre å bli verande i trygge land der me vert teke vare på. Eg vil ikkje leve i uvisse der, eg nyter fridomen her. Det synes eg fleire burde, så kan ein heller reise heim når alt er over. Livet er her og no!

Ein ressurs

-Før eg kom hit tenkte eg at eg skulle tilbake så snart krigen var over. No ser eg at det finns eit liv for meg her. Eg har lyst å vera ein ressurs, eg vil jobbe og bidra, seier Okzana ivrig. Ho er oppteken av at ho ikkje er ei som berre treng beskyttelse og hjelp, men at ho sjølv kan bidra til samfunnet.

-Eg kan til dømes jobbe i barnehage, skule, sjukeheim eller hjelpe andre ukrainske som kjem hit til kommunen, seier ho.

Ein annan ting Okzana er oppteken av, er at russarar som bur i Norge ikkje må vere redd for kva ho tenkjer om dei.

-Eg tenkjer ikkje at alle russarar er vonde menneske. Det er ikkje viktig kor ein kjem frå, det som betyr noko er kven ein er og kva ein gjer. Dette synes eg er viktig å få fram, slår ho fast.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes

FORLENGING AV STRAUMTILSKOTSORDNINGA



Stortinget har vedteke å forlenga straumstønadordninga for frivillige organisasjoner til og med mars 2023, jf. Prop. 77 S (2021–2022) og Innst. 251 S (2021–2022).

I mars mottok 11 kulturbygg i kommunen vår tilskot frå ordninga, etter søknad.

Kultur- og likestillingsdepartementet har gitt Lotteri- og stiftelsestilsynet i oppdrag å forvalta tilskotsordninga framover. Kommunane skal difor ikkje lenger handsama nye søknader om straumstønad. Organisasjonane skal søka via skjema til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Det vert lagt opp til kvartalsvise søknader med høve til å søka for andre kvartal 2022 tidlegast i august.

Det blir kunngjort informasjon når den nye ordninga er på plass.

Tekst: Frank Kvinge, Masfjorden kommune

GLIMT FRÅ 17. MAI



*Minnesermoni over falne masfjordingar i 2. verdenskrig
Foto: Lillian Andvik*



Foto: Torbjørn Sæle



Morgonspeling på Andvik. Foto: Lillian Andvik



Foto:
Sigrun H. Reknes




Foto: Torbjørn Sæle



Rune Garmann var fest-talar på Solheim
Foto: Eli Eidsnes



Tautrekking og korps er faste ingrediensar i 17.maifeiringa. Foto: Sigrun Haugsdal Reknes

HELSEDAG PÅ SJUKEHEIMEN

Onsdag 9. mars og onsdag 11. mai vart det arrangert helsedag på sjukeheimen. Alle ungdomsskuleelevane i kommunen var inviterte, saman med lærar og rådgjevar.

Målet med ein slik dag er å gje elevane innblikk og større forståing for kva ein jobb innan helse- og omsorg inneber, og om ulike utdanningsvegar innan yrket.

Helsedagen er eit ledd i Masfjorden kommune sitt rekrutteringsarbeid, der håpet er at fleire ynskjer å velja helsefag på vidaregåande, og satsa på ei karriere innan helse- og omsorg. I åra som kjem vil talet på eldre auke betrakteleg, og behovet for helsepersonell innan dei kommunale helse- og omsorgstenestene vil då naturleg også stiga.

Eit stort val

Det er stort å skulla velja yrkesretning som 16-åring, og ein har kanskje berre vore innom eksempelvis sjukeheimen på besøk til ei bestemor eller ein oldefar. Me vonar at årlege helsedagar for ungdomsskuleelevar skal bidra til at elevane får litt meir kunnskap om dei ulike helse- og omsorgstenestene i kommunen og om kva dagane og jobben går ut på.

Elevane møtte på arbeidsstova på sjukeheimen. Me starta dagen med ei innføring i dei ulike typane helse- og omsorgstenestene i kommunen, der me snakka om sjukeheimen, heimetenesta, Masfjorden bu- og aktivitetssenter, legekontor, fysio- og ergoterapi, psykisk helse og helsestasjon/helsesjukepleiartenesta.

I tillegg snakka me om ulike yrkesvegar- og karriere innan helse- og omsorg. Me har mange ulike yrkesgrupper innan helse i kommunen, og elevane fekk høyra og læra meir om fleire av dei.

Høgteknologi

Etter dette fekk me omvising på Masfjorden bu- og aktivitetssenter. Her fekk me helsa på nokre av dei som arbeidar der, og eit innblikk i kvardagen deira. Det var også visning av både aktivitetssenteret og ei leilegheit brukt til avlastning. Tilbakemeldingar frå elevane var at dette var veldig kjekt, og det er verkeleg eit flott nytt og høgteknologisk bygg som kommunen kan vera stolte av!

Då me kom ned att på sjukeheimen hadde kjøkkenet ordna med pizza, noko som vart godt teke i mot!



Elevane fekk prøve diverse hjelpemidlar, her er Siri Areklett og Henriette Søvik (i heis) i sving. Her ser me at selen ikkje ligg under armene, slik den skal. Då Henriette fekk prøve selen under armene syns ho det vart meir stabilt i heisen.

Stikk i fingeren

Siste halvdel av dagen vart brukt til stasjonar. Her fekk elevane innblikk i kvardagen til ergoterapeut Toril Areklett, som både fortalde og viste kva ho gjer i sitt arbeid. Elevane fekk prøva seg i ulike hjelpemiddel som heis, rullestol og andre verktøy som t.d. augepeiketavle og testing av kognitiv funksjon (MMS-test), som vert nytta ved utredning av demenssjukdom.

På dei andre stasjonane fekk elevane ei innføring i ulike prosedyrar og måleutstyr. Her var det duka for blodtrykksmåling, puls- og metningsmåling og blodsuktermåling, og me å sjukeheimen er imponert over mange sporty elevar som stilte seg til disposisjon for eit stikk i fingeren!

Elevane vart også vist litt meir avansert medisinsk-teknisk utstyr som PEG-sonde, intravenøs væskebehandling, PVK (perifert venekateter), oksygenbehandling og blodprøvetaking. Dette verka å fenga mange og elevane syntest det vart svært spennande.

Me ynskjer å takka for ein kjekk dag på sjukeheimen – det er veldig gøy for oss òg å få møte ungdom i kommunen, og me håpar me ser fleire av dei att som framtidige kollegaer!

Tekst: Tina Korsøen Fjellby

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes



Kjente trakter: Ein sykkelturn til Andvik var gøy

Hukommelsesteamet:

NYTT TILBOD TIL MASFJORDEN

Hukommelsesteamet er eit tilbod til dei som har symptom på ein demenssjukdom, eller som på ein eller anna måte er påverka av ein demensdiagnose i kvardagen.

Teamet skal fungera som ein ressurs for personar under utredning og vidare oppfølging i sjukdomsløpet. Dei skal og kunne rettleie og støtta pårørande, samt personale som arbeider med personar med demenssjukdom.

Det har tidlegare vore eit fungerande demensteam i kommunen, men av forskjellige grunnar vart dette avvika. Under arbeid med Temaplan for demensomsorga 2022-2026 vart det peika på behovet for eit eige team med ekstra kompetanse på demens.

Hukommelsesteamet har vore i drift sidan hausten 2021, og består av følgjande ressursar:

Leiar for helsetenesta, sjukepleiar i heimetenesta og ergoterapeut. På sikt vil det og kome ein helsefagarbeidar frå sjukeheimen inn i teamet.

-Du tek kontakt med legekontoret, så blir du ringt tilbake av ein av ressurspersonane eller fastlege, fortel ergoterapeut Toril Areklett. Ofte er ho den første du møter. Ho arbeider blant anna med kartlegging og undersøking, og bistand til tilrettelegging av omgjevnader.

- Mi rolle er å bistå fastlegen i utredning av demenssjukdom og etter kvart som sjukdommen skrid fram. I tillegg bidreg eg til å skape gode og trygge rammer som den sjuke og deira pårørande treng for å ha ein god kvardag. Det finnes mykje gode hjelpemidlar, som til dømes velferdsteknologi, seier



Ergoterapeut Toril Areklett

Areklett. Ho fortel at Hukommelsesteamet legg til rette for ein best mogleg kvardag, sjølv med ein alvorleg diagnose som demens.

For tida er det fleire i helsetenesta som tek kurset Demensomsorgens ABC, som gjer nødvendig og oppdatert kunnskap om demenssjukdommar og personsentrert demensomsorg. Kommunen rustar med dette opp kvaliteten innanfor demensomsorga. Vedlagt i denne utgåva av Masfjordingen finn du brosjyre for Hukommelsesteamet, med all informasjon du treng vite. Heng den opp på kjøleskåpet så du ikkje gløymer kor du har lagt den.

Tekst og foto:
Sigrun Haugsdal Reknes

DIGITAL HEILE LIVET

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeida ein nasjonal strategi for auka digital deltaking og kompetanse i befolkninga.



Strategien heiter «Digital heile livet» og målet er å motverka digitalt utanforskap og sikra at alle innbyggjarar som ønskjer det, kan få det digitale påfyllet som trengs. Dette for å kunna bruka digitale verktøy og tenester som vert nytta både privat og offentleg.

Regjeringa har, i et samarbeid med KS (kommunesektorens organisasjon), sidan 2015 arbeida med å utvikla eit lokalt (kommunalt) lågterskeltilbod for å auke den digitale deltakinga hjå innbyggjarane.

Hjelp og rettleiing

Mange kommunar tilbyr no hjelp og rettleiing via bibliotek og innbyggjarservice/tenestetorg. Nokon samarbeida og med frivillige organisasjonar, som til dømes Seniornett, Pensjonistforbundet og Røde Kors. I vår kommune ynskjer me og å kunna gje eit tilbod til innbyggjarane. Pleie - og omsorg har oppretta eit prosjekt, etter å ha søkt og fått litt tilskot til å kunna starta opp ulike tiltak og tilbod. Me håpar desse kan vere nyttige for dei som har behov for å få litt hjelp og rettleiing i forhold til bruk av digitale verktøy og tenester.


Kartlegging av behov

For å kunne etablere tilbod som treff innbyggjarane sine behov, gjennomførte me ei spørjeundersøking for å få kartlagt behovet nærare. Skjema vart lagt ut på butikkane på Hosteland, Haugsvær, Sandnes, Kvingo og på legekantoret. I tillegg fekk pensjonistlaga i kommunen informasjon i forkant og utdelt spørjeskjema.

Svarfrist var 31.mars 2022. Me fekk tilbake 42 svar og vil takka alle som deltok her! Med utgangspunkt i desse tilbakemeldingane har me starta vidare planlegging av tilbodet.

Alle som deltok og ynskde det, var med i trekning av eit nettbrett. Det vart trekt ut to vinnarar av nettbrett på eit arbeidsmøte me hadde ilag med pensjonistlaga og representant frå oppvekst. Dei heldige vinnarane var Marit Løvik og Ivar Haukeland. Sistnemnte har gitt løyve til å verta sitert: «Eg har nyleg gått frå knappetelefon til smarttelefon og er i lærefasen, samstundes med at eg har

Resultatet av undersøkinga viste blant anna:



minimale ferdigheiter på datamaskina. Nettbrett er altså neste utfordring»

Det bør ikkje opplevast som eit nederlag å innrømme at ein slit med den digitale kunnskapen. Enkelte kan synast at det er spennande og lærerikt å lære ny digital teknologi, medan andre kan oppleve det som eit ytre press som medfører stress og låg meistringskjensle. Problemet er at slik som samfunnet er tilrettelagt i dag kan ein ikkje berre «melda seg ut» eller vera likegyldig til den digitale utviklinga utan at det kan medføre uheldige konsekvensar. Me trur og opplever at det er mange av oss som strevar.

Tilbod og tiltak

Me håpar dei som har behov og ynskje om å lære meir vil delta på dei tilbod og tiltak som vert etablert etter kvart.

Pleie- og omsorg vil samarbeida med bibliotekenesta, oppvekst, pensjonistlaga og andre frivillige for å få til eit slikt tilbod i kommunen. Me håpar på å få starta opp med eit tiltak før sommaren. Det første tilbodet vil vere om Bank ID. Det vil ta opp tilhøve rundt kvifor ein treng dette, kva ein nyttar Bank ID til og korleis ein skal gå fram for å få dette. Og kva alternativ har ein utan Bank ID.

På desse tilboda ynskjer me å leggja til rette for ei sosial samling med servering av kaffi med noko attåt. Kanskje dette er noko for deg?


Tekst: Åse Elin Solheim og Elin Eikemo

SAMSPEL OG SAMARBEID

Dette var arbeidstittelen på eit dialogmøte som Masfjorden kommune inviterte til 5. mai. På møtet, som vart halde på Nordbygda skule, deltok godt og vel 20 representantar for eit breitt utval av frivillige lag og organisasjonar. Emnet for møtet var korleis kommunen og dei frivillige organisasjonane kunne spele på lag for å stimulere frivillig arbeid i grendene vår. Møtet vart leia av Torill Torsvik Størkersen og ein representant for Frivillighet Norge, Aase Marie Olafsen. Sistnemnde arbeider i ein av frivilligsentralane i Oslo kommune, og har samstundes oppdrag for Frivillighet Norge, som sidan 2012 har arbeidd med lokal frivilligpolitikk i Noreg.

I innleiingsforedraget sitt fortalde ho litt om korleis frivillig arbeid er ein ressurs for verdiskaping i lokalmiljøa. Ein reknar at kvar som er tilsett for å leggje til rette for frivillig arbeid, utløyser ein verdi som utgjer halvannen gong arbeidet til den tilsette. Sagt på ein annan måte: Ved å betale for eitt årsverk, kan ein rekne med å få to og eit halvt årsverk attende. Å leggje til rette for frivillig arbeid er lønsamt!

Ho peika også på ein del statistikk som tydeleggjorde korleis coronaepidemien hadde hemma frivillig aktivitet, og var tydeleg på at det no var viktig med ein innsats for å få opp att aktivitetsnivået. I den samanhengen nemnde ho at den kan hende viktigaste faktoren for å hemme



frivillig deltaking var at ingen hadde spurd vedkomande om å vere med!

Etter foredraget fekk dei frammøtte nokre gruppeoppgåver som sette fokus på kva faktorar som det var naudsynt å ha på plass for at ein skulle få til eit fungerande frivillig arbeid.

Gruppene svara skriftleg, og svara vart i ettertid samla inn. Som ein del av oppdraget frå kommunen skal Aase Marie Olafsen gå gjennom svara og analysere dei med tanke på at ho skal lage ein rapport til kommunen, der ho vil kome med ein del innspel knytt til framtidig frivilligpolitikk hos oss.

Det er god grunn til å sjå fram til denne rapporten!

Tekst og foto: Rune Garmann

SKJELSUNDET VEL OG DAGSTURHYTTA ER TILDELT SPELEMIDLAR



Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune har i møte 24. 05.22 tildelt

- Skjelsundet Vel kr 600 000 i spelemiddeltilskot til nærmiljøanlegg/ballbinge.
- «Prosjekt dagsturhytte» får kr 430 000 i tilskot til ordinære anlegg.

Begge søknadane vart godkjend i 2021, men grunna for lita tildelingsramme fekk ikkje tiltaka tildelt tilskotet før i år.

Masfjorden kommune har inne ytterlegare to søknader om spelemidlar til idretts- og friluftsanlegg som er godkjende, men som ikkje fekk løyving i år. Dette gjeld nytt lysanlegg ved

Nordbygda idrettsanlegg og universell tilkomst til dagsturhytta. For desse vonar vi på tildeling i 2023.

Solheim grendahus har søkt om spelemiddeltilskot til oppgradering av kulturbygg. Her ventar ein svar på søknaden i september.

To lokale tiltak har fått fylkeskommunalt tilskot på til saman 50 000 kr til vern av kulturminne. Dette gjeld husmannsplassen på Sleirsholmen og Åbakken sag og mølle.

Tekst og foto: Frank Kvinge



NAUTESUND CAMPING FÅR KRAFT-STØTTE

Nautesund camping & hytter får tildelt inntil 250.000 kroner i tilskot gjennom kraftfondet til å etablere bar/restaurant nede ved sjøen, i samband med campingplassen.

Det blir også gitt tilbud om lån gjennom kraftfondet på inntil 500.000 kroner til investeringsformål, med 10. års nedbetalingstid.

I vurderinga står det at søkjar ga eit godt inntrykk for bakgrunn og gjennomføring av projektet. Forretningsideen gjev innblikk i den planlagde baren/restauranten som er tenkt nede ved sjøen, på eit roleg område knytt til campingplassen. Dei vil hovudsakleg halda ope på



kveldstid og helger, og kanskje også dagleg på sommarstid. Det vil og vera mogleg å leige lokalet til bursdagar, bryllaup, konfirmasjon og så vidare.

Det vil vera fokus på internasjonal mat, slik at baren/restauranten då vil vera eit heilt nytt og annleis tilbod til kundane.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

LITTERATURSTI

Det var god respons denne gongen og, og mange som deltok på litteraturstien! Me har igjen trekt to vinnarar, eit barn og ein vaksen.

Gratulerer til Jon Helge Molland som vann blant barna! Han stakk av med boka «Operasjon heksegryte» av Jørn Lier Horst.

Blant dei vaksne var det «torsdagsklubben» med Alfild Ynnesdal, Klara Nesbø og Liv Dyregrov som vann! Men, det kan berre vere ein som stikk av med premie, og etter ei ekstra trekning vart det Klara Nesbø som vann boka «Grenseløs» av Jørn Lier Horst.

Gratulerer igjen til vinnarane!
Det kjem snart nye spørsmål på litteraturstien.

Tekst og foto:
Linn Benedicte Brakstad, biblioteksjef



OPNING AV SOMMARUTSTILLING I KVAMSDALS FARGERI

«Kor vakkert det er med våren som lyser inn gjennom vindaugo i ein gamal fabrikk- og kulturbygning, kor vakkert det er å høyra lokal ungdom spela og syngja i nydeleg harmoni, kor spennande det er å studera og undra seg over dei uttrykksfulle bilda som prydar dei gamle tømmerveggane i årets sommarutstilling, kor kjekt det er å konstantera eit ganske talrikt publikum i konsentrert nyting av dei ekte kulturuttrykka ein maikveld kan by på i ei lita bygd i Masfjorden...»

Sommarutstillinga i Kvamsdals fargeri og Sandneskaféen er i år ved biltekunstnaren Arne Kästel.

Utstillinga er open

laurdagar og søndagar kl. 14-17
i tida 22. mai – 3. juli og 6. -28. august 2022
og elles etter avtale; ring 970 61 230 eller
977 02 476

Tekst : Berit Lygre

Foto: Frank Kvinge



Utstillar Arne Kästel



Dyktige unge musikarar, Isak Thorsheim og Johanne Einestrاند

BUNADSGÅVE TIL MASFJORDEN KOMMUNE

Masfjorden kommune har takka ja til å ta imot bunadsgåve frå etterkomarane etter Aslaug Molland Takvam. Ho gjekk bort i fjor.

Nyleg overrekte Signy Takvam Dale og mannen hennar, Frode Dale, bunadssamlinga til kommunen. Signy er dotter til Aslaug og bur på Husnes.

-Vi trur at dette vil vera ein trygg og god måte å ta vare på samlinga på for ettertida, seier Signy.

Aslaug la ned eit stort arbeid med rekonstruksjon av Masfjordbunaden.

Samlinga omfattar trøyer, liv, bringedukar, skjorter, forkle, hovudplagg, strømper, band mm.

-Å ta imot ei slik gåve forpliktar, seier ordførar Karstein Totland. Masfjorden kommune vil sikra at ein tek vare på denne unike samlinga på ein fagleg god måte, og ha samarbeid med Museumstenesta i Hordaland om dette. Det kan verta aktuelt å stilla ut delar av materialet på høvelege stader, i samarbeid med museumstenesta.

Masfjorden kommune takkar gjevarane for den rause gåva!

Tekst : Frank Kvinge

Foto: Masfjorden kommune



Ein liten del av samlinga

JONAS HAR SIDAN NOVEMBER JOBBA SOM LÆRARVIKAR PÅ NORDBYGDA SKULE



«Han er kunnskapsrik.
Han er snill.
Han er flink til å læra frå seg.»

Dette seier elevane Kim Daniel og Nathalie som begge går i 10. klassen på Nordbygda skule om Jonas Eric Kvamsdal.

Fortel litt om oppveksten din:

Eg er fødd i byen Nazareth i Israel. Me budde i Israel og Libanon fram til eg var 11 år. Etter det vaks eg opp på Haugsvær i Masfjorden før eg starta på Danielsen vidaregåande skule i Bergen. Eg hadde eit år som elev på High School i Minnesota, USA. Det var eit lærerikt år der eg mellom anna var på skulelaget i amerikansk fotball. Etter vidaregåande skule gjekk eg eit år på folkehøgskule på Hamar på idrettslinja før eg vart student og tok Midtausten-studier med arabisk språk (bachelor) på universitetet i Bergen.

Kva er den beste boka du har lest?

Det må vera Don Quixote av den spanske forfattaren Miguel de Cervantes.

Kva tankar gjer du deg etter å ha jobba i eit halvt år som lærar?

Det har vore veldig lærerikt! Læreryrket er særskild utfordrande på mange måtar. Ein må sjølvsagt vera godt førebudd til timane, men samtidig evna å handtera uventa hendingar der og då. Eg trur eg har klart å motivera elevane i 10. klasse i faga naturfag og matematikk. Det gjev ein god kjensle.

Kva gjer du for å få ut frustrasjon?

Då pustar eg djupt inn og ut. Det har eg måtta gjort ein del gonger i det siste.

Kva har du lagt ut på sosiale medier siste veka?

Eg er ikkje så aktiv med å publisera saker på sosiale medier lenger. Men eg liker å dela bilete og å ta imot bilete på t.d. Snapchat.

Kva tvangstankar har du?

Eg må sjekka at alle elektriske apparat er slått av før eg går ut av huset.

Kor ser du deg sjølv 3 år fram i tid?

Kanskje eg har slått meg ned i Tromsø? Eg har søkt opptak til lektorutdanninga i realfag (8.-13. trinn) på UiT frå hausten.

Tilsette og elevar på Nordbygda skule kryssar fingra for at Jonas kjem inn på studiet i Tromsø, og takkar for framifrå innsats hjå oss i tida me har hatt deg her!

Tekst og foto:

Geir Follesø, rektor Nordbygda skule

BINGOKVELD FOR DEI YNGSTE

I vår arrangerte småskulen på Sandnes bingokveld til inntekt for nye uteleiker på Sandnes skule. Som førre gong var det lagt opp til ein solidarisk vri der alle fekk med seg noko frå TGR Bystasjonen heim.

Det låg inne fleire læringsmoment i arrangementet. Fyrste til tredje klasse jobba på grupper for å lage svelerøre på starten av dagen. Elevane frå 4. klasse steikte svelene, og tilbagemeldingane på produktet var svært gode.

1.-5. klasse rigga gymsalen heilt åleine med alt de ser på biletet, ut frå ei teikning. Det tok 30 minutt, så her har det vore godt samarbeid.

Så var bingoen i gang, og med assistanse frå to eldre elevane ved bingohjulet var små og litt større hjelparar med under og etter bingoen for å få til ein fin kveld.

Premiane var flotte. Spesielt korgball-settet var det mange som ønskte å vinna. Då kan dei spela heime og på skulen, noko me vaksne som er glade i fysisk aktivitet verdset høgt.

Etter at utgifter var dekkja sit ein igjen med 4 580 kr som skal gå til nye uteleiker på skulen. Elevane vil gjerne ha basketutstyr, fotball og ninjaline som dei kan klatra på.



Dette er utstyr som bidreg til auka aktivitetsnivå på skuleplassen som base for meistringsglede, samarbeid og samhald, i skule så vel som fritid.

Tekst og foto: Marius Rene Valvik

TILBOD OM 2. OPPFRISKNINGSDOSE TIL PERSONAR SOM ER 80 ÅR OG ELDRE

Folkehelseinstituttet har opna opp for at personar som er 80 år og eldre som har fått tre doser og ikkje har gjennomgått koronasjukdom etter dette, kan få ein ny oppfriskningsdose dersom ein sjølv ynskjer det.

Dosen kan bli gitt fire månader etter siste oppfriskningsdose.

Ein ny dose no vil ikkje nødvendigvis utelukke eit behov for yttarlegare oppfriskningsdose til hausten, når det er forventa auke i smitte.

Det blir ikkje sendt ut innkalling til vaskinering, ein må sjølv ta kontakt med legekantoret for å avtale tid.

Dei som ynskjer vaksine kan ta kontakt med legekantoret på 56166300. Dette gjeld og dei som ynskjer 2. dose eller 3. dose.



Tekst: Trude Fykse, helsesekretær

SKIDAG MED MOT I STORDALEN



Onsdag 30. mars samla MOT 50 spreke og glade ungdommar frå alle dei tre skulane til slalåmkøyning i Stordalen. Både folka, veret og føret var strålande, ein dag med stor aktivitet i skianlegget. Mange glade ansikt, latter og meistring i trekket, gjorde at dagen blei fantastisk.

MOT takkar Liv Øydis og gjengen for eit eineståande og knirkefritt samarbeid. Me føler oss alltid velkomne når me i MOT kontaktar skisenteret med tanke på å få gjennomført denne dagen. De er løysingsorienterte og alltid på givarsida.



Me i MOT ser verdien av å samle ungdommane på tvers av skulane. Det skapar samhald, vennskap og tryggleik. MOT er med på å utvikle robust ungdom som kan ta vare på seg sjølv og andre. Me har flotte ungdommar i vår kommune som me er stolte av!

Tekst og foto: Merethe Engelsen

PÅSKEKOS PÅ HAUGSVÆR

Me hadde påskekafe på helselagsbua onsdag 6. april. Denne gongen var me ti personar som koste oss med kaffi og vaflar.

Praten gjekk lystig og stemninga var god. Ein liten påskequiz, og kunnskapen om temaet var god. Ivar Kvamme las morosame historier frå Nordfjord og latteren sat laust. Han var også heldig og vann bordpynten, gule tulipanar. Dei ivrigaste hadde med strikkesøy og elles var me innom mange tema. Me ser fram til annakvar onsdag klokka 1100.

Alle som har lyst og tid er velkommen til å vera med. Me har alltid vaflar og kaffi på menyen. "Det enkle er ofte det beste".

Tekst og foto:
Torill Kristoffersen



HAUGSVÆR HELSELAG 70 ÅR

To år på overtid så markerte me at det er 70 år sidan Haugsvær helselag vart stifta. Leiar ynskja velkommen og underteikna fortalte historia om helselaget. Og det er tydeleg at det var driftige damer som starta opp med klubb annakvar veke. Mange hadde lang veg som nok var utfordrande å gå i mørke vinterstid. Dei møtte klokka 20, for fyrst måtte dei mjølka kydna. Målet var å samla inn pengar til ulike hjelpemiddel til folk i bygda. Og elles helsearbeid i kommunen.

Folk som kom til markeringa fekk sjå utstilling av gammalt utstyr, bilete frå gammal og ny tid. Protokollar tilbake frå starten og til no.

Maiblomstar og festtelegram vart henta fram frå

"ei svunnen tid" og det var mange som let seg freista. Flittige damer stod for servering og lynlotteri. Ei fin markering med god prat mellom naboar.



Festtelegram og maiblomstar

Tekst og foto: Torill Kristoffersen

DAGSTURHYTTA PÅ Kvingo

- EI PERLE AV EIN PLASS!



Av og til må eg berre innrømme det: eg tok feil!

Då det vart gjort vedtak om å leggje Masfjorden kommune si dagsturhytte i utmarka på Kvingo, stussa eg. Å leggje ei dagsturhytte som alle i kommunen skulle bruke til eine enden av den vidstrakte kommunen vår, syntest eg var heil bak mål, bokstavleg tala.

Men det var før eg hadde oppsøkt hytta sjølv. Det gjorde eg skjærtorsdag, saman med kone, to born og fire barneborn. Då

innsåg eg at det i grunnen ikkje var så langt for oss på nordsida av fjorden likevel. Folk som bur inne i fjorden kan ta turen via E39, og då er det ikkje så veldig langt for dei heller.

Og det må seiast at målet verkeleg er turen verdt. Hytta ligg i eit fint, skogkledd område, berre nokre få meter frå flomålet. Frå parkeringsplassen som er laga til for besøkjande og fram til hytta er det i underkant halvannen kilometer å gå, i lett terreng. Og til hausten skal det kome veg heilt fram, slik at også folk i rullestol kan vitje hytta.

Sjølve hytta er fin og funksjonell, og vel tilrettelagt for folk som vil spandere eit par timar i og ved henne. Inne er det sitjeplass til mange, og dessutan ein liten hems.

Der kunne to generasjonar i familien min kose seg med å lese i bøkene som er lagt ut i hytta. Med andre ord: det går godt an å vitje hytta på regnversdagar også.

Noko som slo meg, var at det var fint og reint og ryddig over alt. Det ser ut til at dei som kjem hit, veit å ta vare på både inventar og utstyr elles. Måtte det berre halde fram slik!

Forutan at hytta er eit fint turmål for fastbuande, vil eg tru at folk som meir sporadisk kjem til traktene våre, vil ha glede av å sjå også denne vakre delen av kommunen vår. Difor vil eg oppmode alle sambygdingar om å ta hytta i bruk, og gjerne gå dit saman med gjester. Det vil de ha glede av, alle.

Tekst og foto: Rune Garmann



FOR EIN KONSERT!

Manger musikklag er eitt av dei aller beste brassbanda i Noreg og Europa. Første søndagen i april gjesta dei Masfjorden, og for ein konsert dei leverte!

Etter å ha besøkt Solund med konsert på laurdag var Sandnes skule stoppestad på søndag. Under leing av dirigent Martin Winter framførte dei eit verkeleg variert og flott program som viste spennvidda i det eit brassband kan greia å få til. Konferansier for kvelden, Trine Villanger, innleia med å fortelja at Manger sine konsertar alltid skal innehalda ein marsj, eit solistinnslag og eit «stykkje». Marsjen opna konserten, og med presisjon, teknikk og dynamikk framførte dei klassikaren Ravenswood.

Med «stykkje» meiner ein eit større originalverk for brassband. Og dei gav seg like godt i kast med noko av det største, mest spennande og mest krevjande som er laga for brassband, Paganini-variasjoner av Philip Wilby. Å sitja tett på eit brassband i ein liten sal og oppleva korleis kollektivet, gruppene og enkeltspelarane på profesjonelt vis leikar seg med musikken, og korleis musikarane arbeider og formar spennande klangar og rytmar gjorde eit stort inntrykk, og trollbandt publikum.

Vidare i konserten vart det som annonsert soloinnslag med flygelhornisten i bandet, og det vart servert heftige latinske rytmar og ein spenstig versjon av «Hurra for deg som fyller ditt år» med innlagt song både av band og publikum.



Manger fyller 100 år i år, og dirigenten hadde like godt laga sin elleville versjon av denne bursdagssongen til jubilanten.

Slagverkseksjonen hadde sitt eige solostykke midt i konserten. Ståande i ein sirkel framfor korpset framførte dei ein komposisjon for fire slagverkarar. Mange spennande klanger vart henta fram frå tradisjonelle og meir utradisjonelle rytmeinstrument, som mellom anna bremseskiver, truleg frå ein Volvo, skal ein tru ekspertisen i salen. Eller var det «konkurrenten» Eikanger Bjørsvik musikklag sin lagsbil skivene var stolne frå? Uansett, dette var ei annleis og utruleg flott musikkoppleving for publikum.

Etter pausen vart bandet utvida med Sandnes skulemusikk, og saman framførte dei ein mektig Fanfare, kjende Disney-klassikarar og ei samling med musikal-låtar signert Andrew Lloyd Webber. Ei stor oppleving for dei unge musikantane å spela saman med Manger musikklag! Og kven veit, kanskje nettopp nokon av desse unge i framtida vil sitja i rekkene i nettopp Manger musikklag. Opp gjennom åra har ei rekkje masfjordingar vore medlemmer i laget, og også i dag har laget medlemmer med ein viss tilknytning til vår kommune. Ei stor takk til Manger for at dei besøkte Masfjorden og gav inspirasjon og ei stor musikkoppleving til oss her inne. Vil ein oppleve meir av dette fantastiske brassbandet bør ein setja av 17. september. Då feirar laget 100-årsjubileum med show i Grieghallen.

Tekst: Jo Ronald Mjanger og Frank Kvinge
Foto: Brynjar Mjanger Eide



FLOTTE MASFJORD-AMBASSADØRAR



Johanne Einestrand og Isak Thorsheim Kvinge representerte Masfjorden og Nordhordland på UKM-fylkesfestival på Voss i helga. Fylkesfestivalen var i år delt opp i to arrangement, eitt i Måløy og eitt på Voss.

Dei kring 80 deltakarane på Voss vart tidlegare i vår sendt vidare frå lokalmønstringane som representantar frå sine kommunar/regionar i gamle Hordaland. På mønstringa fekk dei presentert seg og sine kulturuttrykk, og her fekk ein oppleve svært varierte innslag og framføringar, alle med skyhøg kvalitet.

Dei to deltakarane frå Masfjorden markerte seg med solide prestasjonar. Isak framførte Springsteen-låten Lost in the flood. Sjølv song han og spelte piano. Med seg på framføringa hadde han eit profesjonelt husband, og saman gav dei ei overbevisande, kraftfull og knalltøff framføring av songen. Johanne nytta seg og av

husbandet i si aldeles nydelege framføring av Umbrella. Salen engasjerte seg i innslaget med å tenna mobil-lommelyktene, og veiva sakte fram og tilbake. Gåsehudfaktor! Begge framføringane vart tekne godt imot til stor jubel frå salen.

I tillegg til forestillingar og utstilling fredag, laurdag og søndag fekk deltakarane også tilbod om å delta på workshops der dei kunne lære om låtskriving, konsertarrangering, graffiti mm.

Det vart lagt vekt på grundige lyd&sceneprøvar før kvart show.

Det er inspirerende for ungdommane å møtast slik, få impulsar, å få dela sine kunstuttrykk i ei profesjonell ramme, og i eit miljø der nye kjenskap og vennskap vert knytt.

Eit fagpanel vurderte alle innslaga, og valde ut representantar frå fylket som får høve til å delta



på UKM- landsfestivalen til sommaren. Dei hadde ikkje nokon enkel jobb. Blant dei fire frå Nordhordland som kom gjennom nålauget var Isak. Saman med Frida Fammestad (konferansier), Malin Fyllingen og Robert Hermansen (unge arrangørar) skal dei saman

med 500 andre deltakarar setja farge på Stjørdal i perioden 24.-28. juni.

Masfjorden kommune gratulerer Johanne og Isak med strålende innsats på UKM-festivalen!

Tekst og foto: Frank Kvinge





Risnes idrettslag inviterer til

Motbakkeløpet Sleirsfjellet opp

laurdag 4. juni
2022



549 m.o.h og 3,4 km.

Ei løype som passar
for liten og stor,
aktiv og mosjonist



Takk til hovedsponsorar 2022

MASFJORDEN KOMMUNE
SVEINS BAKERI
FRØYSET ELVEEIGARLAG
NORVA 24
MOWI Kvingo
MASFJORDEN ELEKTRO AS
SPAR HOSTELAND
BIRKELAND ENTREPENØRFORRET-
NING AS
FRODE HAUGSVÆR MASKIN AS
BUNNPRIS EIDSBOTN
AVISA STRILEN
NASTA
REMA 1000 MONGSTAD
WERGELANDGRUPPA
NAUTESUND CAMPING
HAFS ELEKTRO OG RØYR
KVANTUM
TESS
ENTREPENØR A.BIRKELAND AS
MASFJORDEN TAXISENTRAL
GULEN TAXI IVAR EIDE
GULEN BLIKK OG VEDLIKEHALD
AVISA NORHORDLAND

Myldring, kulturinnslag og kafé ved grendahuset!

Premieutdeling frå ca. kl. 14.30

Konkurransen kan òg følgjast på eqtimming. no

Påmelding via Eqtimming.no

Etterregistrering ved grendahuset frå kl. 09.00

Her hentar de og startnummer og t skjorter

T-skjorter til alle som betaler startkontigent

Start er ved grendahuset

Start trimklasse mellom kl. 9.00 - 11.00

Felles start konkurranseklassar kl. 12.00

Spurtpris beste kvinne og beste mann: Kr 500

1.premie beste kvinne/mann: Kr 4.000

2.premie beste kvinne/mann: Kr 2.000

3.premie beste kvinne/mann: Kr 1.000

Løyperekord: Kr 2.500

Premiering for 1. - 3. plass i kvar klasse

Mange flotte gåvepremiar frå sponsorar!

Hovudpremien er Kr 5.000

Premiering til sprekaste skuleklasse frå Masfjorden
(beste %-vis deltaking)

1.plass kr 3.000.- 2.plass kr 2.000 3. plass kr 1.000

Klassar med tidtaking: Gutar/menn og jenter/kvinner

11-13 år, 14-16 år, 17-20 år, 21-40 år, 41-50 år, 51-60 år,

61-70 år, 70 år + Påmelding: 11 - 16 år

Konkurransklasse: Kr 200.-

17 år og oppover: Kr 300.-

Barn og vaksne - Trimklasse: Kr 200.-

Familie - (Foreldre/foresatte og minimum 2 born) Trimklasse: Kr 650.-

Barn under 11 år må ha følgje med ein vaksen!

Eingongslisens inkludert i påmeldingsavgifta

Parkering på tilviste plassar.


Ta kontakt med arrangør ved behov for parkering på plassen ved
startområdet/grendahuset.

Sjå meir info: www.risnesil.no Facebook: Sleirsfjellet opp

Kontakt: tlf 91338861 Tove Kristin ved spørsmål

Alle er hjarteleg velkomne!

SLEIRSFJELLET OPP



Skulemuseet og
Atelier treskuset er opne

IDRETTS- OG KULTURAKTIVITETAR I MASFJORDEN SOMMAR OG TIDLEG HAUST

- Laurdag 21. mai: Utstillingsopning i Kvamsdals fargerier og Sandneskaféen, kl 18.15
Sommarutstillar er Arne Kästel. Kulturprogram. Servering.
- Laurdag 4. juni: Sleirsfjellet opp, kl 09-15
Motbakkeløp og myldring, kulturskuleinnslag og kafe ved grendahuset
- Laurdag 11. juni: Marknadsdag Nordbygda senter
- Laudag 9. juli: Kving&queens på Sandneskaféen, kl 20
Midt på sommaren, midt på Sandnes, midt på utescena til Sandneskaféen får du det som midt i smørauget med karane i Kving&Queens.
- Søndag 10. juli: Manger all stars brasskvintett spelar opp på utescena til Sandneskaféen, kl 16 - med Ståle Sleire Johansen på laget
19. - 20. august: Tine fotballskule, Hosteland
- Laurdag 20. august: Konsert, «Sommarnatt ved fjorden» i Solheim kyrkje kl 19
Amalie Duesund- fløyte, Rune Alver- piano, og gjestar
- Søndag 21. august: Bjørn West-marsjen, Stordalen
Konsert med Anne Hvidsten og band kl 1415 - Friluftsgudsteneste kl 1515- Minnemarkering kl 1600
- Søndag 28. august: Sommaravslutning utstilling i Kvamsdals fargerier og Sandneskaféen
Austrheim seniorkor, Kjersti Wiik og Jørn Skauge m.fl
- Laurdag 17. sept: «Kvitanesen» på Sandneskaféen kl 20
Velkomen til ei kveldsstund der tema er kortreist, humoristisk vinkla og med eit snev av poesi. Det er ikkje kvar dag ein ler så ein må tørka tårer, men det kan du risikera denne kvelden, når denne ordkunstnaren frå Hardanger set i gong. I tillegg vert det kulturinnslag med lokale heltar.
- Laur 1.oktober Kurs i lokal folkesong, Nordbygda skule kl 12-17
Kurshaldarar er Linda Sandhåland og Kjersti Wiik. For songglade i alle aldrar!
- Laur 1. oktober «Forteljingar i skulestova» og «nyopning» av muséet, Sleire skulemuseum kl 17
Kulturprogram v/ Jon Martin Skauge, Lovisa Midtbø, songgruppe frå kulturskulen, Laila Kolve, Kjersti Wiik m.fl.

Sommarutstillinga i Kvamsdals fargerier og Sandneskaféen er open

laurdagar og søndagar kl. 14-17

i tida 22. mai – 3. juli og 6. -28. august 2022

og elles etter avtale; ring 970 61 230 eller 977 02 476

Skulemuseet på Sleire er ope i samband med «Sleirsfjellet opp» 4. juni, jonsokaftan og elles etter avtale, 97061230 (Frank)/91338861 (Tove Kristin)

Meir informasjon om arrangementa på:

www.sommarscena.no

Me gler oss over igjen å kunna møta talrikt opp på dei ulike samlingsstadane i kommunen. Få med deg familie, naboar og vener til spennande arrangement som ikkje er regulerte av meterstokken!

Vel møtt!




Du kan bidra til at menneske i nød får tilgang til rent vatn. Enten neda er forårsaka av tørken i Malawi, krisa i Afghanistan eller krigen i Ukraina.

Les meir på fasteaksjonen.no

DET ER HÅP I EIN DROPE VATN

VIPPS til 2426

KIRKENS NØDHJELP

KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevja@masfjorden.kommune.no

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes
Tlf.: 47 41 31 41
E-post: anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612
e-post: helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: ts657@kyrkja.no

Vipps Masfjorden sokn: 620513

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristane: 5. september,
14. oktober og 21 november
Noter dato i årshjulet for din organisasjon.
Få med både førehandsomtale og del
gjærne bilete og minneverdige stunder frå
hendinga i etterkant. Slik at de kan få
åtgaum og folk i bygdene kan få eit
innblikk i det som skjer.

KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,
Sigrun Haugsdal Reknes, Sveinung Toft

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Formgjeving: Mary Hope